



ÅRSMELDING 2018

Hjelmås mannskor har dette året hatt 22 medlemmer. To medlemmer har slutta, og to medlemmer har hatt permisjon, slik at talet på aktive medlemmer har vore 20. Det har vore berre eit styremøte dette året. Dei få sakene som har kome opp har vorte ordna på øving eller pr telefon og epost.

Hjelmås mannskor har hatt eit aktivt program også dette året. Hausten 2017 starta me eit samarbeid med koret Albatross om eit program med filmmelodiar. Vårhalvåret 2018 heldt me fram dette samarbeidet med øvingar i ungdomshuset på Fammestad. Me hadde to framsyningar på Fammestad 6.-og 7. april med godt med publikum.



Dette gav eit fint overskot, som vart delt mellom kora slik det var avtalt på førehand. Å ha eit slikt samarbeid opplevde me som både kjekt og positivt.

I tillegg fekk Albatross og HM Inspirasjons-prisen 2018 frå Kulturrådet i Lindås kommune for prosjektet me hadde saman. Diplom og kr 5000 var kjekt å få !

5.mai var Albatross og HM saman på songarstemne på Austrheim. Eit flott arrangement som Austrheim songlag har all ære av. Vårhalvåret vart avslutta med innslag på eit års markeringa for Stor-

stova der me m.a. framførde vår eigen Storstovesong. Sommaravslutninga hadde me saman med songarane i Albatross i nauset hjå Kristine Fluge- ein triveleg kveld med grilling og allsong som avslutning på eit godt samarbeid.

I februar fekk koret søknad frå Åse om permisjon som dirigent for koret for eit år. Styret hadde eit sterkt ønskje om å få avtale med ny dirigent før ferien, og i slutten av mai kunne me skriva avtale med Helge Riise som vår dirigent, noko alle i koret var svært nøgde med.

Hausthalvåret har me så brukt til å øva inn nytt program. Me er heldige som har fått ein dirigent som også arrangerer songar til vårt kor. Me satsar på å få ferdig eit nytt program til markeringa av 15-årsjubileet i koret, som vert markert med fest og jubileumskonsert i 2019. Me har fått prøva deler av programmet vårt på korkveld på Fammestad og på 50-årsfesten til Kålås Bygg As. Gode tilbakemeldingar gjev oss pågangsmot og tru på det me driv med.

Å få fleire medlemmer i koret har høg prioritet. I haust hadde me innlegg i avisa Nh og me har hatt innlegg på heimesida til Hjelmåsbygda. Dette har ikkje skaffa oss fleire medlemmer -enno. Kanskje er det å koma seg ut og visa kva me driv med den beste måten å få fleire med på. Me vert sårbar når me er få på kvar stemme, og fråvær og permisjonar hjelper ikkje på.

Til slutt ein takk til alle som er med å gjera Hjelmås mannskor til ein triveleg fritidsaktivitet – ingen nemnde – ingen gløymde.